

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/6994-2

Utpeiking av nye styremedlemmar i Fjord1 AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet ber F1 Holding AS peike ut følgjande personar som nye fylkeskommunale representantar i styret i Fjord1 AS for den resterande perioden av den fylkeskommunale valperioden 2016-2019:
 1. ...(nestleiar)
 2. ...
2. Fylkesutvalet ber F1 Holding AS peike ut følgjande personar som vararepresentantar i rekkje til styret i Fjord1 AS for den resterande perioden av fylkeskommunale valperioden 2016-2019:
 1. ...
 2. ...

Dokument som ikkje ligg ved:

Aksjonæravtale om Fjord1 AS mellom F1 Holding AS og Havilafjord AS dagsett 25.08.2016.
Jf. også fylkestingssak 30/16.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I FT-sak 30/16 vedtok ein sal av F1 Holding AS sine aksjar i Fjord1 AS til Havilafjord AS. I samband med salet vart det utforma ny aksjonæravtale mellom F1 Holding og Havilafjord AS. Denne medfører at fylkeskommunen skal peike ut to medlemmar til styret i Fjord1 AS, der ein av representantane vert nestleiar i styret.

Det skal gjennomførast ekstraordinær generalforsamling i Fjord1 AS der det vert lagt til rette for å velje nye styremedlemmer. Det vil også bli lagt til rette for nye vararepresentantar. FU må be/instruere F1 Holding AS til igjen å be/instruere sin eigarrepresentant i Fjord1 AS til å utpeike to styremedlemmar og vararepresentantar i rekkje på nemnde generalforsamling i Fjord1 AS.

Historikk - tidlegare vedtak

I FU-sak 144/15 (07.12.15) peika ein ut følgjande personar til styret i Fjord1 AS:

- Pål W Lorentzen (styreleiar)
- Vidar Grønnevik
- Arvid Andenæs
- Bente Nesse

Frå tidlegare vedtak (FU-sak 56/12) er følgjande personar vararepresentantar i rekkje:

1. Arve Helle
2. Jan Magne Herstad
3. Klaus Arne Iversen
4. Bjørn Erik Hollevik

Val av vararepresentantar

Korkje vedtekter eller aksjonæravtale omtaler val av vararepresentantar. Det følgjer av aksje-lova § 6-3 første avsnitt at:

«Medlemmene av styret velges av generalforsamlingen, som også bestemmer om det skal velges varamedlemmer». (mi utheving)

Det har vore praksis at generalforsamlinga vel vararepresentantar til styret.

Vedtaka i FU-sakene 37/08 og 56/12 inneber at vararepresentantane til styret i Fjord1 AS per i dag er numeriske/i rekkje. Selskapet sjølv føretrekkjer vararepresentantar i rekkje. Alternativet er å velje personlege vararepresentantar. Mi tilråding er å oppretthalde val av vararepresentantar i rekkje.

Andre opplysningar

Det er F1 Holding AS som eig aksjane i Fjord1 AS. Etter vedtektene er det fylkesordføraren som er eigarrepresentant på generalforsamlinga i Fjord1 AS. Det er likevel føresett at fylkeskommunen peikar ut medlemmar til styret.

Aksjonæravtalen mellom Havilafjord og F1 Holding regulerer samansettinga av styret og kven som skal ha styreleiar. Nestleiar skal vere ein av representantane som F1 Holding peikar ut.

Selskapet sitt styre skal bestå av 8 medlemmer.

Saka vert lagt fram utan tilråding.

2. Vurderingar og konsekvensar

Rettslege konsekvensar

Kommunelova §§ 36 - 38, § 80 a og likestillingslova § 21 gjeld ikkje når vår eigarskap er på 59% og selskapet driv reint kommersielt.

Delegeringsreglementet

Det følgjer av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement pkt 4.1 at:

«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte mv. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»

Val av styre i aksjeselskap – aksjelova sine reglar

Det følgjer av aksjeselskapslova (asl.) § 6-3 at styret i eit aksjeselskap blir valt av generalforsamlinga.

Etter asl. § 6-6 har ein styremedlem ei tenestetid på to år. Vedtektene til selskapet kan sette tenestetida kortare eller lenger, men ikkje meir enn 4 år. Vedtektene til Fjord1 AS seier ikkje noko om styremedlemmane si tenestetid. Som utgangspunkt gjeld då lova sine reglar.

Det har likevel vore FU sin intensjon at dei utpeikte representantane skal sitte som styremedlemmar ut den fylkeskommunale valperioden. Praksis har difor vore at valperioden er 4 år og såleis i det vesentlege samanfallande med den fylkeskommunale valperioden.

Eigarmelding 2015 – eigenskapar og kompetanse hjå fylkeskommunale styremedlemmar:

I Eigarmeldinga 2015 går det fram av punkt 2.5.1 kva som er fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse. Her heiter det:

«Fylkestinget har som eigar ansvar for at dei som sit i dei ulike styra må ha eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte i samsvar med selskapet si verksemd, strategi og handlingsplan.

Eigarmelding 2008 syner til at det er lang praksis for at fylkestingsmedlemer blir peikt ut som kandidatar til styreverv i fylkeskommunalt eigde selskap.

Fylkestinget har oppretthalde praksisen med å ha folkevalde i ulike styreroller og er samtidig oppteken av å medverke til at styret som kollegium skal representere god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan difor vere aktuelt å velje styremedlemer utan fylkeskommunal forankring. Dette vert meir aktuelt på grunn av lovendringane om habilitet.»

Vidare står det i punkt 2.5.2 under punktet «Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra»:

«Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerepresentant vurdere om det kan oppstå ikkje-ynskjelege habilitetskonfliktar for den som vert utpeikt.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen til styrerepresentantar i selskap som fylkeskommunen har eigardelar i, bør organet som peikar ut vurderer kor ofte vedkommande blir ugild etter dei regler som er lista opp i kapittel 2.2.2 Reglane om habilitet. Dersom ugildskap ofte vil inntreffe, må organet vurdere om dette vil gjere det lite hensiktsmessig å velje den aktuelle personen til styrerepresentant. Typisk gjeld dette der det er tale om sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Om ulempene ved å velje slike personar til styrerepresentantar er større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret er ein vurdering som organet sjølv bør gjere.»

3. Konklusjon

Saka vert lagt fram utan tilråding.